

Nørødegard - Nordøgarden (gnr. 140-141)

Nørødegard: Ei lett og klangfull namneform, som merkeleg nok og dessverre vart skifta ut. Det er i den pålitelege kjelda manntalet for Kvegskatten 1657 ein tidlegast finn gardsbruket Nørødegard nemnt. Brukaren der heitte da "Johanes Nørødegaard", og buskapen hans der på Nørødegaard var 1 hoppe, 4 naut og 3 sauer.

Nørødegaard er namnet og skrivne i matrikkelen for 1668. Vidare er det der fortalt at Johanes framleis var brukar, men eigar av garden i den tid var Welb. Oluff Rytters arvingar. Landskylda av bruket var ½ hud eller 6 skinn, men landskylda kunne og reiest ut med 1 bismarpund 4 merker smør. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 7 naut, og korntienda vart utreidd med 3/8 tønne, altså svara til ei årsavling på 3-4 tønner. Av dei andre opplysningane om garden merker ein seg at enga, innmarka var "Temmelig goed, Kand dog iche widere Rødis", og at det var "Schoug allene til brendeveed". Men det var ein liten humlehage, så ein kunne da brygge øl. Dessutan hadde garden alt da seter og sommarbeite til krøtera på "Kinnasetter", Kinna seter.

Ti år seinare var i 1678 Iver vorte brukar på "Nørødegard". Han betalte da den utlikna Leilendingeskatten 1678 med 1 rd. 1 mark i pengar, som t.d. Johan Killerøg. – Men ved tinget på Mellum i Fåberg 13. mai 1681 vart det tinglese at "hr. amtmann Bielche avhender til Gunder Pedersen og Peder Gundersen Nord Ødegaard her i Faaberg av skyld ½ hud." Og ved tinget på Lillehammer 23. desember 1707 gav "Jørgen Bielche skjøte på retten til Nordødegaard". – Året etter er det elles oppgitt at brukaren på Nordødegard heitte Mauritz. Han hadde da stemna Amund Holen "for penger som Amund hadde lånt av citantens kvinne mens hun var pige." Men innstemnde Amund Holen møtte ikkje.

Med matrikkelframlegget av 1723 kom det fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det da om Nordødegard fortalt at det på garden var to brukarar, og at Nils Pedersen var oppsittar på den eine og enka Helga Tronsdtr. på den andre. Det er elles oppgitt at garden ligg i sollia, og at jordarten der er god. Buskapen på kvar av gardane var da 1 hest 5 naut og 4 sauer, og den årlege utsæden av korn var kring 1 ½ tønne. Båe brukarane åtte og sjølve gardane sine. Men i 1728 lånte Nils Pedersen Nørødegaarden i Faaberg 102 rd. av Iver Hansen Fonstad i Gausdal og pantsette da garden sin "Nordødegaarden" av skyld 3 skinn. Av to år seinare er og eit pantebrev som her er av interesse, og som etter avskrift av panteregistret har denne ordlyden:

"Nord Ødegaarden.

Pantebrev dat. og tinglest 15. febr. 1730 Harkeld Pedersen boende på Norøygarden i Faaberg sogn er blitt skyldig 100 rd til manhafte soldat Ellef Jacobsen Toft mot årlig rente 5% og pantsetter herfor sin eiende gård Norøygarden, skyldende årlig 3 skind gods med bøxel og herlighet."

Det førde vidare til at Harchel Pedersen i 1738 gav eller måtte gi skjøte til Ellef Jacobsen Toft i Follebo "på hans eiende halve part som er 3 skind med bøxel i Nordødegården kaldet i Rudsbygden i Faaberg prestegjeld for sum 223 rd." To år seinare gav i 1740 Nils Pedersen Nord-Ødegaarden skjøte til Iver Hansen Fonstad i Gausdal på 3 skinn i "pl. Nord-Ødegaarden for 240 rd". Dermed var altså Nordødegard kome på utanbygds hender, og vart etter kvart brukt mest til slåtteland og beite. I 1740-50-åra var det elles ein langvarig strid om odelsretten til Nørøgard, ein strid som her er av mindre interesse. Vi tek likevel med referat frå to tingmøte i 1750. Saka er etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Nord-Ødegaarden i Faaberg. 18. april 1750.

Anders Olsen Grimstad har innstevnt Iver Fondstad av Gusdal ang. citantens hustrus odelsrett til pl. Nordødegaarden.

Efter forlangende utsattes saken til 10. juli.

10. juli 1750.

Avsagt: Det er ubestridelig at Anders Olsen Grimstads hustru er odelsberettiget til de påstevnte 3 skind i pl. Nordødegården, men citanten er allerede eier av disse 3 skind, idet de av Iver Fondstad er solgt til Guttorm Johansen og av Guttorm Johansen til Anders Grimstad og hustru Rønnaug Pedersdtr. Om Gaardepartens bruk og rådighet tilkommer Iver Fondstad efter det innleverte pantebrev er et spørsmål som ikkje er påstevnt i denne odels sak. Da Iver Fondstad er skyld i at saken er kommen hertil, erstatter han Citantens omkostninger med 10 rd.”

Ein merker seg at det vi før har kalla garden Nørøgard, er her i saka nemnt som plassen Nordødegaarden. Saka vart elles oppatt-tatt 16 år seinare og med det resultat at det da var Amund Ellevsen Toft som hadde odelsretten til ”gårdeplassen Nordødegaarden”.

År 1770 låg Nordødegaard framleis til Fondstad. Jacob Fondstad og Anders Kraagbøl gav da auksjonsskjøte til Johannes Olsen på ”gården Fondstad med underliggende ødegård Nordødegård kaldet.” men to år seinare brukar Johannes Olsen namnet ”Johannes Olsen Nordødegaarden”, og han selde da ”den ene halve del av gården Nordødegaarden Nedre Stue av skyld 3 skind for sum 342 rd. til Ole Pedersen Koxlien og den andre halve del til Halvor Rasmusen Bratland likeså for 342 rd.” i ei mellomtid hadde så Gudmund Olsen kjøpt garden, men i 1778 gav han skjøte til ”Engebret Christensen Jongerud og Østen Larsen Ellingsberg på hans eiende halve gård Nordødegården Nedre Stue av skyld 1 ½ skind for sum 337 rd. nemlig av enhver av dem 169 rd.” Etter atter seks år selde elles Engebret Jongerud sin part på ¾ skinn i Nordøgarden vidare til Christen Gustum, og Østen Ellingsberg skjøta i 1786 sin part på ¾ skinn over til Christen Olsen Ellingsberg. Den andre halve part i Nord Ødegarden nedre stue av skyld 1 ½ skind” låg da til Holen i Gausdal.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 ingen i eller på Nørøgård eller Nordødegården i Rudsbygda. Same året, altså i 1801, gav og Halvord Rasmussen Holen av Gausdal skjøte ”til sin eldste søn og rette odelsmann Rasmus Halvorsen på sin eiende og brukende part i Nord Ødegaarden nedre Stue av skyld 1 ½ skind for 399 rd.”, men denne parten av Nordødegaarden låg altså framleis til Holen i Gausdal.

Også i matrikkelframlegget for Fåberg i 1819 er både matr.nr. 101 Nordødegaard og matr.nr. 102 Nordødegaard Mitre oppgitt som engeland.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Nord-Ødegaarden” fekk da nytt matrikelnr., nr. 80, og det var da 5 løpenr. under matr.nr. 80. Dei var: Matr.nr. 80, a. løpenr. 101 a Nord-Ødegaarden, skyld: 1 dlr. 3 ort 7 skill., som Iver Bø hadde, b. løpenr. 101 b Nord-Ødegaarden av skyld 1 dlr. 22 skill., som tilhørde Peder Toft, c. løpenr. 102 Nord-Ødegaard, mittre, skyld: 1 dlr. 2 ort 3 skill., eigar ell. brukar: Halvor Holen, d. løpenr. 120 a Nord-Ødegaard av skyld 3 ort 14 skill., som tilhørde Erik Gustums enke, e. løpenr. 154 b Nord-Ødegaard, skyld: 3 ort 14 skilling, som Peder Gjettestad var eigar ell. brukar av.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om jordeigendommene. Der er det om ”Nordødegaard” oppgitt at a. på løpenr. 101 a, som Christen Blegen hadde tilhandla seg, var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid: 97 mål, og av dette var 33 mål jord av 1. klasse, b. på Nordødegaard som P. Toft hadde, var dei tilsvarande areal: 60 mål og 21 mål, c. på Nordødegaard hos H. Holen var tala: 73 mål og 36 mål og d. på Nordødegaard som Chr. Blegen også åtte var die

tilsvarande areal: 36 mål og 14 mål. Dessutan er her oppgitt at på Holen Ødegaard, som J. Gruen hadde, var dei tilsvarende areal: 28 mål og 7 mål. På ingen av desse bruk er det oppgitt at det da var sjølvstendig husdyrbruk eller åkerbruk.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1| mark. – ”Nord-Ødegaarden” i Fåberg fekk da gardsnr. 140 av samla skyld 11,58 mark, og det var da 5 bruksnummer under gardsnummer 140. Dei var: Grnr. 140, brn. 1 Nord-Ødegaarden av ny skyld 2,80 mark, med Kristian Bleiken som eigar ell. brukar, brnr. 2 Nord-Ødegaarden, skyld 2,49 mark, som Peder Toft hadde, brn. 3 Nord-Ødegaarden av skyld 3,00 mark med Lars Nilsen som eigar ell. brukar, brnr. 4 Nord-Ødegaarden, skyld, 1,70 mark, eigar ell. brukar Lars Jensen Gruven, brn. 5 Nord-Ødegaarden av skyld 1,59 mar, som Kristen Kristofersen var eigar eller brukar av.

Samtidig fekk Hols-Ødegaarden eige gardsnummer, nr. 141, av samla skyld 2,00 mar, og det var da 2 bruksnummer under gardsnummer 141. Dei var: grn. 141, brn. 1 Hols-Ødegaarden av skyld 1,39 mark, som Lars Jensen Gruven var eigar ell. brukar av, brnr. 2. Holen av skyld 0,61 mark, og med Mathias Gulbrandsen som eigar og brukar.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at under grn. 140 Nord-Ødegaarden var: brn. 1 overtatt av John Kristiansen, og brn. 2 av Even Iversen Rønningamarken.

Ved kommunevalet i 1907 budde gardbrukar Kristofer Gudbrandsen på Nordødegarden, og han var da 48 år.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det 1 bruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. meir enn 10 mål (da) under gardsnr. 140. Det var: Gnr. 140, brn. 3

Nordødegaarden med eit jordbruksareal på ca. 12 mål, som Johs. Linn var eigar og brukar av.